



Husa kjem til å ligga platåvis med flotte murar.

Det har ei tid vore arbeidd med grunnarbeidet i Nedre Halsane Byggefelt. No byrjar denne delen av arbeidet å nærma seg slutten, og vi kan no sjå konturane av korleis det vert i feltet. Det lovar godt. Husa kjem til å koma på ulike platå, og i nedre kant av desse platåa og elles i feltet er det murt opp fine gråsteinsmurar. Dette blir vakkert!

I dag var to maskinar samt ein stor traktor i arbeid, og dei heldt mellom anna på med ferdiglegging av kloakk- og vassleidning øvst i feltet. Det er Br. Musland Maskin som står for arbeidet.

Ivar Gundersen fortel at dei no er i ferd med å avslutta arbeidet med det tekniske anlegget, og om ikkje altfor lenge går dei i gang med støyping av sole til 3-mannsbustaden. Den kjem til å koma opp først:

- Den er no under bygging i Litauen. Dei ferdige seksjonane vert så transportert hit slik at sjølve oppsetjinga vil gå svært fort, fortel Ivar Gundersen og legg til at ei av leilighetene i 3-mannsbustaden er ledig så det er berre å ta kontakt med han.

Gundersen fortel også at einebustaden alt er ferdig bygt i Litauen. Den er seld, men vert likevel ikkje transportert hit før til våren. Den skal som planlagt setjast opp då.

No byrjar det å verta så fint og klart i feltet at Gundersen vil ha ei visning førstkommande laurdag, 17.oktober, mellom klokka 12 og 14. Då kan interesserte koma både for å sjå, og å ta ein prat med han for å få meir informasjon. Han viser også til nettsida deira som ein kan klikka seg inn på via logoen øvst i høgre kolonne her på uskedalen.no. Elles inviterer han alle interesserte til å ta kontakt med han når det måtte passa.

Det er vel verd å ta turen oppom feltet. Eg er sikker på dei fleste vil verta imponert over både tilrettelegginga og utsikten! Sentrumsnært er det òg!



Utsikten er kort sagt vakker!!



Murane kjem til å pryda feltet når det er ferdig!



Gjennomført med gråsteinsmurar.



Arbeid med kloakk og vassleidning

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland